



Jostein Helgesen Hellestveit
Mongstadvegen 667
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/324 - 19/38668

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:
18.12.2019

Gbnr 122/2 Hellestveit Løyve til sletting av vegrett over gbnr 122/3. Avslag på sletting av bruksrett til felles naust

Administrativt vedtak. Saknr: 801/19

Vedtak

Lindås kommune gjev eigar av gbnr 122/2 Hellestveit løyve til sletting av eigedomen sin vegrett over gbnr 122/3. Det vert gjeve avslag i søknaden om slettinga av gbnr 122/2 sin bruksrett til halvdel av naust.

Saksutgreiing

Saka gjeld :

I samband med at landbrukseigedomen gbnr 122/2 Hellestveit vart lagt ut for sal ynskjer dagens eigar å slette nokre rettar som eigedomen har i dag. Han eig også bustadtomten gbnr 122/3. Jostein Hellestveit ynskjer å slette garden sin vegrett over bustadtomta gbnr 122/3 og garden sin bruksrett til naust.

Lowverk :

Då gbnr 122/2 Hellestveit er ein drivverdig landbrukseigedom avsett til LNF – formål i kommuneplanen skal saka handsamast etter jordlova. Det er § 12 i jordlova som omhandlar deling av areal eller rettar

Landbrukseigedomen gbnr 122/2 Hellestveit :


Eigedomen har totalt 252 dekar. Av dette er 82,4 dekar fulldyrka-/overflatedyrka jord. Det er 116,6 dekar innmarksbeite, 31,6 dekar produktiv skog, 17,3 dekar anna utmark og 3,9 dekar veg/tun/bygg. Det er våningshus, driftsbygning innreia for mjølkeproduksjon med fôrlager, ein driftsbygning for




ungdyr/ammekyr, garsjebygg, uthus og anneks. Vidare er det eit naust som er felleseige mellom gbnr 122/2 og 122/3.

Det er både sauehald og storfehald på garden i dag. Det er mjølkekvote knytta til garden. Den er utleigd.

Kart over eigedomen gbnr 122/2 Hellestveit :



Sjøvegretten på gbnr 122/2



Den blå linja er der gbnr 122/2 i dag har vegrett for å koma til sjøen og naustet. Den raude linja er den aktuelle vegen til sjøen og naustet dersom eksisterande vegrett vert sletta.

Når folk i ein travel kvardag skal flytte seg 800- 1200 meter for å koma seg til båten og naustet vert det som regel til at ein nyttar køyrety. Såleis er det uvesentleg om avstanden er 800 meter eller 1200 meter. Det som er positivt med å slette sjøvegretten er at ein får vekk vegrett gjennom hagar og tun hjå folk. Det

Naustrett gbr 122/2 :



Jordlova § 12 Deling

Deling av eigeedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Vedtaksmynde er overført til kommunen og fylkesmannen er klageinstans. Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon , eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida , kan samtykke til deling ikkje gjevast utan at det er gjeve samtykke til omdisponering etter § 9

Ved avgjerd om samtykke til deling skal gjevast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter førre avsnitt ikkje ligg til rette for å gje samtykke til deling, kan samtykke gjevast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Vurdering :

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Kjartan Nyhammer
Landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jostein Helgesen Hellestveit

Mongstadvegen 5955
667

LINDÅS